

Vest-Telemark Kraftlag NETT AS

Ny nettleigemodell

Fra 1. juli 2022 får alle ny nettleige. Etter denne dato kan du spare pengar på å jamne ut straumforbruket ditt over døgnet.

Bakgrunn for endringa

Endringa er lovbestemt og skal gjennom prisstrukturen motivere kundane til å fordele straumforbruket ut over fleire av døgnetts timer. Modellen skal totalt set gje ei meir rettferdig fordeling av nettkostnadene. Det er særleg den kraftige auken i elbil-lading som har utløyst behov for denne endringa.

Kvifor er dette lurt?

Både høgspen- og lågspenettet blir dimensjonert for å kunne levere straum i dei timane av året med høgast forbruk. Når behovet i desse timane aukar må VTK investere i meir kapasitet. Dette aukar nettkostnadene og nettleiga. Det er difor lurt å heller flytte litt av forbruket til tidspunkt då nettet har ledig kapasitet og på den måten sleppe å forsterke nettet.

Kva er det som endrar seg?

Fastleddet (kr/mnd), som i dag er eit fast beløp likt for alle på same tariff, blir nå eit **kapasitetsledd** som blir utrekna i høve til kor mykje straum du tek ut samstundes (kW = kWh/h). Kapasitetsleddet vil ha trinn, og prisen vil stige i høve til kor mykje straum du brukar på ei gong. Grunnlaget for kapasitetsleddet blir sett til middelverdian av dei 3 høgaste timeverdiane i løpet av ein månad. Det vil bli små endringer for folk flest, men ein må unngå å slå på mange store straumbrukarar samstundes og elbil-lading bør ein gjera om natta.

Kven gjeld endringa for?

Den gjeld for alle, både privat og næring, som i dag er på tariffar med fastledd og energiledd. Frå 1.7. vil alle desse gruppene (hushald, hytter, mindre næring m.fl.) ha lik tariff. Større næringskundar, som i dag har effekttariff (T3M), vil i utgangspunktet halde fram som før. For detaljer viser vi til annonse i VTB i dag 13.juni og info på **nett.vtk.no**.